



## Fylkesmannen i Vestland

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Vår dato:  
08.07.2019

Vår ref:  
2019/8346

Dykkar dato:  
20.05.2019

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Eirik Brynjelsen, 5557 2170

### **Løyving UTM 2019 - prosjekt *Landbruk 4.0 - felles kunnskapsgrunnlag for utviklinga av ei bærekraftig og framtidsretta landbruksnæring i nye Alver kommune***

Vi viser til søknaden dykkar dagsett 01.04.19, med revidert søknad 20.05.19, der de søker om kr. 150.000,- i støtte til prosjekt *Landbruk 4.0*.

Saka er handsama etter *Virksomhets- og økonomiinstruks (KMD 12.12.2017), Tildelingsbrev til Fylkesmannen 2019 (jf. Prop. 1 S (2017–2018) for KMD, og etter føringar i Regional næringssstrategi for landbruket i Vestland 2019–2022 (RNP)*.

Landbruksdepartementet skriv i tildelinga at midlane skal bidra til å støtte opp om innleiande fasar og arbeid knytt til landbruksbasert verdiskaping regionalt. Søknadar er drøfta i møte med faglag oa. regional partnarskap før vedtaket er fatta.

#### **Vedtak**

*Fylkesmannen i Vestland løyver kr 100 000,- i tilskot frå utgreiings- og tilretteleggingsmidlar 2019 til medfinansiering av prosjekt Landbruk 4.0. Løyvinga er avgrensa med inntil 30 % av totalt budsjett kr 355.000,-.*

#### **Vilkår**

- Prosjektet vert fullfinansiert og gjennomført i høve prosjektplan
- Tilskotet skal nyttast i samsvar med føresetnadene som ligg til grunn for vedtaket
- Fylkesmannen kan krevje tilskotet heilt eller delvis tilbake dersom vilkåra ikkje vert oppfylte
- Eventuelle endringar må godkjennast av Fylkesmannen
- Søkar må sende inn og få godkjent eit omforeint budsjett med særleg vekt på timespesifikk eigeninnsats



## Saksutgreiing

Lindås kommune søker på vegner av nye Alver kommune om støtte til prosjekt for utarbeiding av felles kunnskapsgrunnlag for utvikling av landbruksnæringa i den nye storkommunen, som også vil bli ein stor landbrukskommune i regionen. Tiltaket skal gi retning for kommunen sitt framtidige arbeid med landbruksutvikling, identifisere potensiale og synergiar med andre næringar og mobilisere landbruksnæringa.

Fylkesmannen ser det som svært positivt at kommunane som utgjer det meste av Nordhordland og landbruket der, er proaktive i høve eigen landbruksutvikling og tenker både langt og breitt, og vil difor gjerne prioritere tiltaket i denne søknadsrunden. På den andre sida stiller vi oss kritiske til at prosjektet i så stor grad skal basere seg på innkjøpt kompetanse, all den tid kommunane og det nye landbrukskontoret vil trenge å arbeide seg sammen og ha eigarskap til eiga utvikling. Vi gjer difor ei noko redusert løying, med etterhald om større grad av eigeninnsats frå kommunane, og eit omforeint budsjett inkludert oppgåvebasert oversikt over tidsressursar. Fylkesmannen vil stille fagressurs til rådvelde for prosjektet i den grad det er planlagt og ønskjeleg.

## Utbetaling

For å få utbetalt pengar må du be om dette ved å sende ei melding pr. brev eller e-post. Faktura er ikkje eigna form, då alle ut- og innbetalingar skjer frå Landbruksdirektoratet, etter sakshandsaming hjå Fylkesmannen.

Ved oppmoding om sluttutbetaling hugs:

- sluttrapport for prosjektet
- prosjektrekneskap etter mal frå omsøkt budsjett (revidert for større prosjekt)
- eit samandrag til bruk i informasjonsarbeid, evt. presseomtale eller bilete
- timerekneskap/dokumentasjon ved stort eller avvikande timeforbruk

Vi kan betale ut inntil 75 % av løyvinga undervegs. Siste 25 % av tilskotet blir først utbetalt når sluttrapport og samandrag av rekneskapen er godkjent av Fylkesmannen.

Reduserte kostnader i høve budsjett vil vanlegvis føre til tilsvarende reduksjon i tilskotsutbetaling. Andre avvik frå vilkår eller prosjektskildring kan og medføre avkorting eller tilbakebetaling.

***Vi gjer spesielt merksame på ansvaret for UTM skal overførast til fylkeskommunane frå 1.1.2020, og at adresse i saka kan verte endra etter dette.***

## Arbeidsfrist

I samsvar med søknaden vert fristen for å sende inn sluttrapport og samandrag av rekneskapen 30.06.20. Det er mogleg å söke om forlenging av arbeidsfristen.

Fleirårige prosjekt som berre er løyvd for eitt år om gongen (ikkje fullfinansiert) må sende inn rapport om arbeidet, samandrag av rekneskapen og søknad om vidareføring innan 1. april kvart år.

## Oppfølging og kontroll

Fylkesmannen skal føre kontroll med og følgje opp dei tiltaka som får støtte. Den som mottar støtte, pliktar å gje nødvendige opplysningar om framdrifta i prosjektet.

**Klagerett**

De kan klage på vedtaket innan tre veker etter at de fekk dette brevet. Ei eventuell klage skal de sende til Fylkesmannen. Klaga bør vera grunngitt, jfr. § 32 i Forvaltningslova. Dersom Fylkesmannen ikkje tek klaga til følgje, vert klaga handsama vidare av Landbruksdirektoratet. Ta kontakt med Fylkesmannen dersom de treng meir informasjon om klageretten.

Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær  
ass. landbruksdirektør

Eirik Brynjelsen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*